

73. ¹ Tone: Gud signe norrigs land!

1.

Dei so vort land heve bygt
Dei bygde fulla trygt
Dei raakad grund.
Aa so naar den var rein
Dei la den fyrste stein
Aa sidan no kvar ein
Til denna stund.

2.

Aa skal ein byggja no
So maa ein byggja so
At huset stend.
Det gjeng kje fusk aa *bræl*
Ei heller leik aa spel.
Skal folkje leva vel
I gard aa grend.

3.

Du so hev ungdoms mot
Aa stend paa *rørig* fot
Vær med aa bygg
Sjaa grav kje ned det pund
Bruk ande hand aa mund.
Men bygg paa faste grund
Daa er du trygg.

4.

Dei so me slegtar fraa
Dei vil me likjast paa
I frilynt hug.
Dei so hev lande *rudt*
Hev torv aa stein umsnudt
I naud aa trengsel budt
Aa vist sin dug.

5.

So røys deg bondemand
Me byggja maa vort land
Aa fjelga um.
Aa ser ein noko sleng
Aa um vor vøla treng
So ikkje fraa da gjeng
Men bygg paa grund.

6.

Her er kje ratt so faa
So sluntra seg ifraa
Aa gøyme seg.
Men høyr no kjære bror
Gjev gaum paa far sitt or.
Kjærleik til ho mor.
Da løna seg.

7.

Vor Gud jhan signa har
kvar grend aa fædragar
Kvar liv kvar sjel.
Han mat aa kjærleik gjev
Han veit kva fridom krev.
Men kun eitt ærlegt strev
Skal lønast vel